



Ivrige kunstnarar i arbeid.

**Nede på Sandakaien besøkte vi ei gruppe som var ivrige med å laga kunst ved å bruke spraylakk på store finerplater. Det var 5 stykk som stod og spraya då vi var der. Lærer var Festidalkunstnaren Gaute Haugland.**

**Festidagbladet: Redaksjonen/ Tina B. Eik og Sunniva E. Myklebust(foto)**

Kunstforma som dei lærer, heiter Street Art/ Grafitti.

Gaute har laga veldig mykje fint med sprayboksane sine. Her i Uskedalen finn vi kunstverk av han på ei løe på Rød, på Elins Matgleder og på Dønhaug Gardsbarnehage for å nemna noko. Han har og dekorert klatreveggen i Aktivitetshuset veldig flott. Dei som går til fjells kan og nytta kunsten hans oppe i skogavegen på Haugland.

Gaute har og pynta opp i Bergen by, og han er etter kvart blitt kjent langt utanfor Uskedalen. Det har vore fleire TV-program om han.